

Stål-rekkverket kjem til veka

18.05.2011



Her kjem det stålrekkverk i neste veka (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter planen skal det etterlengta stål-rekkverket i den vanskelege Kleivadalssvingen bli montert til veka. Det opplyser Svein Erik Sandal i Statens vegvesen til uskedalen.no.
Fleire trafikantar og oppsittarar etterlyser fortgang i dette prosjektet som dei meiner har teke altfor lang tid.
Gjennom vinteren har det vore ei mellombels løysing i form av ein sikringskant av metall.

Den permanente løysinga vert eit rekkverk av den vanlege sorten. Det vert forankra i eit betongfundament som vart støypt for fleire veker sidan. Den aktuelle strekninga er rundt 25 meter.

Sandal opplyser at varselskilt for skarp sving kom på plass i førre veka. Når rekkverket kjem vil eit problem som har vara i 9 år forhåpentleg vera løyst.

Svingradiusen vart endra i 2002 med det resultat at fleire bilar har køyrt utfor i venstresving på veg sørover og kome gjennom hekken og ned i hagen til familien Hauge.

- Det vil altså ikkje bli sett opp noko ekstra solid rekkverk i svingen?
- Nei, for dei rekkverka som blir nytta er heilt sikkert solide nok, forsikrar Sandal.

Av Ola Matti Mathisen